

---

Vår referanse 2021/19409-3  
Dato 26.05.2021

---

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Uttale - Dispensasjon - Deling - Fv. 57 Lindåsvegen - Gnr 108 bnr 20 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev mottatt 30.04.2021.

### Kva saka gjeld:

Det er søkt om dispensasjon etter plan og bygningslova for frådelling av areal på 7 daa med to påståande våningshus og driftsbygning på gnr. 108 bnr. 20 i Alver kommune. Arealet som skal delast frå er om lag 7 daa. Resteigedomen skal overførast til ny eigar som skal drive arealet saman med ein annan landbrukseigedom.



Situasjonskart vedlagt søknaden. Eigedom 1. er omsøkt frådelt, grønn markering viser ny tilkomstveg i grensa mot fv. 57.

### Planstatus:

Eigedomen er avsett til landbruk,- natur- og friluftsføremål jf. kommunedelplan for Lindås. Parsellen har nabogrense i vest mot fv. 57 Lindåsvegen og avkøyrsla frå fv. 5470 Fonnebustvegen.

### Saksgang:


Før saka vert behandla etter veglova skal tiltaket vere godkjent etter plan og bygningslova (pbl.) og anna regelverk som kommunen forvaltar. Vestland fylkeskommune har rett til å uttale oss i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl. §19-1. Vi har og klagerett i slike saker.

### Uttale:

I dette brevet uttaler Vestland fylkeskommune seg som samferdslemynde med ansvar for framkome og trafikktryggleik på fylkesveg.

Det er søkt om frådelling av parsell på gnr. 108 bnr. 20 i Alver kommune. Før det vert gjeve løyve til frådelling er det eit krav at det må føreligge eit avkøyrsløyyve jf. pbl. 27-4. Avkøyrsla er regulert i eit eldre planarbeid *Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad (1990)*. Vi har ikkje mottatt søknad om

avkøyrsløse etter veglova. Vi var på synfaring på staden 20.05.2021, men grunna arbeid på veg var det vanskeleg å vurdere forholda på staden. Utfordring ved utforming av avkøyrsløse vil i første rekke vere siktforhold retning venstre, mot undergang. Tilkomstvegen var og bratt. Når vi mottar ein søknad vil vi vurdere om avkøyrsløse er bygd slik ho er planlagt, og elles vurdere om det er kome til nye krav til utforming sidan planen vart vedtatt.



Del av reguleringsplan *Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad (1985)*. Eigedomen har avkøyrsløse frå fv. 5470 markert med pil, medan eigedomen elles har eigedomsgrense mot fv 57.

I søknaden er det vist tilkomstveg til den nye parsellen, som går parallelt langs fv. 57. Det er nyleg vedtatt ny *Rammeplan (2021 - 2024)*. Rammeplanen klassifiserer fv. 57 til *Svært streng haldningsklasse*, noko som tilseier at byggjegransa vi kan akseptere i dette området er 50 meter frå vegmidte. Rammeplanen er retningsgjevande for korleis vi vil vurdere ein eventuell dispensasjon frå byggjegransa.

I tillegg viser reguleringsplanen ei byggjegransa på staden på 30 meter frå vegmidte, men denne byggjegransa ligg utanfor det regulerte arealet. Det er uklart korleis ein juridisk skal tolke denne byggjegransa, og vi ber om ei vurdering frå Alver kommune, som er rett mynde for regulerte områder. Det er i alle høve behov for ein dispensasjon frå byggjegransa langs veg for å bygge tilkomstveg slik den er planlagt, fordi den ligg nærmare enn 30 meter frå vegmidte.

Normalt vil vi ikkje ha merknad til frådeling i samband med bruksrasjonalisering. I denne saka er det ikkje opplyst kor driftssenter for landbrukseigedomen ligg. Dersom tiltaket medfører konsekvensar for trafikkbiletet, ved at transport av driftsmaskiner og avlingstransport skal føregå på fylkesveg 57, ber vi om at konsekvensar for dette vert vurdert saman med dispensasjonssøknaden.

Den frådelte parsellen er 7 daa. Vi meiner dette er for stort areal for ei bustadtomt, sjølv om det vert argumentert med at parsellen skal vere eit sjølvstendig småbruk. Dersom bustadtomta vert redusert, vert det mogleg å sikre tilkomst til landbruksareal utan at tilkomstvegen må gå langs fylkesveg 57. Dette meiner vi vil vere ei betre løysing for trafikktryggleiken og moglegheit for seinare vegutviding av fylkesvegen.

#### Sluttord:

Tiltaket som er søkt om, treng avkøyrsløse etter veglova, og eventuelt dispensasjon frå byggjegransa langs veg. Vi vil ta stilling til søknaden etter veglova når vi får den tilsendt.

Vi meiner tomt med påståande bustadhus er for stor, og bør reduserast. Tilkomstveg til areala er då ikkje avhengig av ei plassering langs fv. 57, innanfor byggjegransa. Dette meiner vi vil vere ei betre løysing for trafikktryggleiken og moglegheit for seinare vegutviding av fylkesvegen.

Vi ber om å få kommunen sitt vedtak til eventuell klagevurdering.

Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*